



Søknad om driftskonsesjon i henhold til mineralloven § 43

Skjemaet med vedlegg sendes til:

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard
Postboks 3021 Lade
7441 Trondheim

E-post: mail@dirmin.no
Telefon Sentralbord: (+47) 73 90 40 50
Hjemmeside: <http://www.dirmin.no>

LES VEILEDNINGEN FØR DU FYLLER UT SKJEMAET

1. Opplysninger om søker			
Fullstendig navn/firma			Organisasjonsnummer
Postadresse		Postnummer Sted	Land
Telefonnummer	Mobiltelefon	E-postadresse	Hjemmeside

2. Opplysninger om området		
Navn på uttaksområdet/uttaket	Uttaksområdets gårds- og bruksnummer	Kommune
Størrelse på omsøkt areal (daa)	Anslag totalvolum uttak (m ³)	Forventet årlig uttak (m ³)

3. Opplysninger om forekomsten	
3.1. Hvilken mineralkategori tilhører forekomsten?	Grunneiers mineraler Statens mineraler
3.2. Drives det på forekomsten i dag?	Ja Nei
3.3. Beskrivelse av forekomsten (type mineralforekomst, kvalitetsvurdering, anvendelser av råstoffet):	



4. Forholdet til plan- og bygningsloven (pbl.)

4.1. Angi hvilket arealformål området har i kommuneplanens arealdel _____

4.2. Finnes det en godkjent reguleringsplan for området det søkes om konsesjon? Ja Nei

Hvis ja, oppgi navn på planen og vedtaksdato:

Navn på plan: _____

Vedtaksdato: _____

Hvis nei:

Er det varslet oppstart av reguleringsplanarbeid for området? Ja Nei

Er det gitt andre tillatelser etter pbl. for terrenginngrep i omsøkt område? Opplys om hvilke

5. Vedlegg til søknaden

Med søknaden skal alltid vedlegges:

5.1. Dokumentasjon på utvinningsrett til forekomsten

- For grunneiers mineraler: Kopi av signert leieavtale om uttak med grunneier, eller dokumentasjon på grunnbokshjemmel

- For statens mineraler: Oppgi rettighetsnummeret(ene)

5.2. Kart der omsøkt område hvor det foreligger utvinningsrett er tydelig inntegnet i målestokk 1:1000-/1:2000.

5.3. Gi en kort firmapresentasjon.

5.4. Redegjørelse for den kompetanse selskapet har for driften av det planlagte uttaket. Gi en oversikt over bergfaglig og annen teknisk kompetanse i organisasjonen.

5.5. Forslag til driftsplan, inkludert avslutningsplan. Driftsplanen skal være i samsvar med DMFs krav til driftsplaner.



5.6. Oversikt over økonomiske forhold:

5.6.1. For uttak som allerede er i drift:

- Godkjent årsregnskap for de siste to år

5.6.2. For nye uttak, eller tidligere uttak med nytt driftsselskap:

- Driftsbudsjett for det omsøkte uttaket for de 3 første driftsår

5.7. Vurdering av behovet for at det stilles økonomisk sikkerhet for gjennomføring av sikrings- og oppryddingstiltak, herunder forslag til form for og størrelse på sikkerheten.

5.8. Adresseliste over særlig berørte parter (nærmeste naboer, eller brukere av området).

5.9. Dokumentasjon på at behandlingsgebyret er betalt.

Kontonummer for innbetaling: 7694.05.05883

Gebyret er kr. 10.000. Dersom søknaden gjelder uttak som krever konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredninger (26.juni 2009 nr. 855), er gebyret kr. 20.000.

Merk innbetalingen med Driftskonsesjon, navn på uttaket/uttaksområdet og navn på søker

6. Eventuelle tilleggsopplysninger

Direktoratet for mineralforvaltning kan kreve flere opplysninger dersom man finner det nødvendig for behandling av søknaden.

7. Underskrift

Sted og dato

Underskrift

Driftsplan 2010 - 2015
for
Eikhovden steinbrot gnr/bnr 52/7
Espelandsdalen, Ulvik Herad



INNHALD

1.0	Innleiing	3
2.0	Føremål med driftsplanen	3
3.0	Kartgrunnlag	3
4.0	Ajourføring av driftsplan	3
5.0	Utgreiing	
5.0.1	Lokalisering	3
5.0.2	Eigedomstilhøve	3
5.0.3	Naboar til uttaksområdet	3
5.0.4	Tilhøve til andre planar, konsesjon, avkøyrse	4
5.0.5	Omfang av uttak	4
5.0.6	Gjennomføring av uttak	4
6.0	Kart, teikningar og vedlegg	
	Driftsplan. Oversiktskart M=1:50000	6
	355-1 Driftsplan. Oversiktskart M=1:5000	7
	355-2 Driftsplan. Fase 1 - eksisterande situasjon	8
	355-3 Driftsplan. Fase 2	9
	355-4 Driftsplan. Fase 3	10
	355-5 Driftsplan. Revegetering	11
	355-6 Driftsplan. Terrengprofil uttak	12
	355-7 Driftsplan. Terrengprofil revegetering	13

Vedlegg:

Rapport nr. 201007742-1 Hordaland fylkeskommune
 Framlegg til reguleringsplan
 Planskildring og føresegner

1.0 Innleiing

Drift av Eikhovden steinbrot er i hovudsak basert på uttak av fast fjell. Drift på mineralske råstoff er regulert av mineralloven. Loven krev driftskonsesjon med driftsplan, godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning (Direktoratet).

2.0 Føremål med driftsplanen

Driftsplanen er utarbeidd for å vera arbeidsredskap og veileder for drivaren av steinuttaket, samstundes som driftsplanen er eit offentleg dokument. Med driftsplanen kan myndigheitene sikra at drifta vert gjennomført utan at det går uturvande ut over andre samfunnsinteresser. Vidare kan myndigheitene kontrollera at avslutning og opprydding vert gjennomført som planlagt. Bergvesenet skal godkjenna driftsplanen og føra tilsyn med verksemda.

3.0 Kartgrunnlag

Digitalt kartgrunnlag er levert av Ulvik herad. Ekvidistanse 5,0 m. Kartgrunnlag er supplert med innmåling av eksisterande situasjon i steinbrotet pr. 10.07.2010.

4.0 Ajourføring av driftsplan

Hovudregelen er at driftsplankart skal ajourførast kvart 5. år, eller etter nærmare avtale med Direktoratet. Ajourføring av kartverk vert basert på innmåling.

5.0 Utgreiing

5.0.1 Lokalisering

Eikhovden i Espelandsdalen vest i Ulvik herad på grensa mot Granvin herad. Steinbrotet ligg nord for fv 572 mellom Stokkavatnet og Espelandsvatnet. Området er avgrensa av eigedomsgrenser for den del av eigedomen gnr 52 bnr 7 som ligg nord for fv 572.

5.0.2 Eigedomstilhøve

Gnr/bnr: 52/7

Kommune: Ulvik herad, 5730 Ulvik

Eigar: Asbjørn Børsheim og Torbjørg Austrud, Hakastad, 5730 Ulvik

Navn på uttaket: Eikhovden steinbrot

Adresse til uttaket: Espelandsdalen, 5730 Ulvik

Driftsselskap: Ulvik stein

5.0.3 Naboar til uttaksområdet

Gnr/bnr: 52/4

Eigar: Målfrid Løvås, 5730 Ulvik

Gnr/bnr: 52/10

Eigar: Mona og Tor Hellesnes, 5730 Ulvik

Fylkesveg 572

Eigar: Hordaland fylkeskommune

5.0.4 Tilhøve til andre planar, konsesjon, avkøyrslø

Arealet er avsett til massetak i gjeldande heradsplan for Ulvik herad. (Heradsplan Ulvik 1999-2009. Vedteke i Ulvik heradstyre 2.9.1999, sak 52/99).

Det vart søkt Statens vegvesen om flytting av eksisterande avkøyring i 2009. Ny avkøyring er opparbeidd i 2009/2010 i tråd med førehandstilsagn datert 14.05.2009.

Ulvik Stein fekk dispensasjon for uttak av inntil 5000 m³ i påvente av reguleringsplan, jf vedtak i Ulvik formannskap 27.01.2010, sak 02/10.

Framlegg til detaljreguleringsplan er sendt Ulvik herad i august 2010 for sakshandsaming og vedtak.

Det er pr. dags dato ikkje sett i gang arbeid med søknad om konsesjon.

Direktoratet for mineralforvaltning har i høyringsbrevet til oppstartmeldinga, dagsett 27.01.10, stadfesta at Eikhovden steinbrot kjem inn under unntaksbestemmelsane i den nye loven § 69, pkt. 6. Fristen for å søkje konsesjon er der sett til 5 år etter at loven trådte i kraft.

Avkøyrslø til fylkesvegen skal dimensjoneraast i samsvar med Statens vegvesen sine vegnormal.

Dimensjonerande køyretøy lastebil, køyremåte C.

5.0.5 Omfang av uttak

Type uttak: uttak av murstein i fast fjell (kvartsitt).

Uttaksareal: arealet som driftsplanen omfattar er ca. 20 daa.

Totalt uttaksvolum: 35-40.000 fm³.

Årleg uttak: ca. 1200 fm³.

5.0.6 Gjennomføring av uttak.

Utgangspunktet for steinbrotet i Eikhovden er ein førekomst av kvartsskifer av mursteinskvalitet. Det er ikkje gjort inngåande undersøkingar av storleiken på førekomsten, men anslag tyder på at det kan vera fleire lag. Prøvedrift i nedre del av brotet har vist murstein av høg kvalitet. Sjå vedlagt rapport av Jomar Ragnhildstveit, Hordaland fylkeskommune.

5.0.6.1 Fase 1. Eksisterande situasjon.

Ulvik herad leigde arealet og opna steinbrotet i 1996. F. o. m. 2001 har steinbrotet vore tilbakeført til grunneigar som tok ut noko stein til eige bruk i perioden 2004-2007. I perioden 2008 til medio 2010 er det teke ut om lag 1600 tonn stein i tillegg til noko fyllmasse. (2008: 270 tonn, 2009: 900 tonn, pr 31. august 2010: 430 tonn).

Nederste delen av dagens steinbrot ligg i nivå ca. 2,0 m høgare enn fylkesvegen. Slik brotet ligg i dag er det eit uttak mellom kote 338-344 (1) og eit mellom 344-355 (2). Det er opparbeidd driftsveg gjennom brotet mot vest til ca. kote 343. Det er opparbeidd eit mindre område i sør til lager av ferdigvarer og eit deponi for skrotmasse i aust.

I framlegg til reguleringsplan er det sett av eit 20 m vegetasjonsbelte mot fylkesvegen for å skjerma mot innsyn.

5.0.6.2 Fase 2. Utvida uttaksområde (2).

Totalt areal til uttak er stipulert til ca. 4,4 daa. Botnen av brotet er tenkt på kote 340. I bakkant vert det ca. 15 m høg fjellvegg. Det er ikkje tenkt avtrapping av fjellveggen. Botnen vil verta utforma med fall mot sør for utlaup av overflatevatn. Det må leggjast stikkveit under driftsvegen.

Innslag vil skje frå vest og sør. Drifta vil føregå på brei front mot aust, slik at profilen på uttaket vert den endelege etter kvart som ein går fram. I ferdig uttak kan det deponeraast skrotmassar til avtrapping av fjellveggen.

5.0.6.3 Fase 2. Utvida lager for ferdigvare, deponi for skrotmassar.

Inkl. eksist. lagerplass utgjer dette eit areal på ca. 3 daa. Vrakprosentent er ikkje kjent, men ut frå erfaring til no vert det ikkje store mengder skrotmassar. Noko vert frakta ut og nytta til fyllmassar lokalt, medan resten må deponerast i brotet.

5.0.6.4 Fase 2. Deponi for jordmassar.

Deponi for jordmassar, vegetasjonsdekke og liknande til bruk ved revegetering av uttaksområdet.

5.0.6.5 Fase 3. Gjennvinning av rasmateriale.


I lia ovanfor uttaksområdet ligg det mykje rasmateriale som ein tek sikte på å gjennvinna murstein i ymse størrelsar frå. Området ligg grovt sett mellom kote 355 og 370. Arbeidet må tilpassast aktiviteten i uttaksområdet nedanfor. Arealet utgjer ca. 6 daa, men mengder er ikkje kjent. Dersom fjerning av massar fører til auka fare for steinsprang som kan nå fylkesvegen, skal det førast opp rasvoll mellom eigedomsgrensa i vest og fram til uttaksområdet.


5.0.6.6 Revegetering.


Jordmassar, skrapmassar m.m. skal lagrast på området i så stort omfang at det er nok til revegetering av steinbrotområdet.


Stad/dato


Underskrift
















Oppdragsgjevar:	Ulvik Stein v/Asbjørn Børshem Hakastad, 5730 Ulvik	Målestokk	1:2000
Prosjekt	Eikhoveden steinbrot, Espelandsdalen gnr. 52, bnr. 7 i Ulvik herad	Teikning	EU
Sak	Driftsplan Revegetering	Kontrollert	EU
Utarbeidd av	Ing. Egil Ulvund A/S, 5627 Jondal	Dato	18.10.2010
		Teikn. nr.	355-5
		Fil:	








Koordinatsystem: UTM sone 32, basert på EUREF89/WGS84
 Eksisterende driftsområde er innmålt med totalstasjon.
 Kartgrunnlag utanfor eksisterende driftsområde er økonomisk kartverk med ekvidistanse 5,0 m.

Rev.	Endring	Dato	Sign.
Oppdragsgjevar:		Målestokk	1:1000
Ulvik Stein v/Asbjørn Børsheim Hakastad, 5730 Ulvik		Teikning	EU
Prosjekt		Kontrollert	EU
Eikhoveden steinbrot, Espelandsdalen gnr. 52, bnr. 7 i Ulvik herad		Dato	27.08.2010
Sak		Teikn. nr. 355-1	
Driftskart		Fil:	
Utarbeidd av Ing. Egil Ulvund A/S, 5627 Jondal		355-1Driftskart.dwg	



Eikhovden
Med atterhald om feil i kartgrunlaget
08.10.2010
Målestokk 1:5000
Ulvik herad, teknisk drift

Ulvik Stein
Framlegg til reguleringsplan for Eikhovden steinbrot

Journalnr. 09/684-43 52/7 JAH



Framlegg til detaljreguleringsplan

for

Eikhovden steinbrot

Ulvik, 30.5.2011

FØREORD

Det har vore drive steinbrot på denne eigedomen sidan 1996. Ulvik herad leigde arealet, bygde avkøyrslø og tok ut stein til eiga drift i perioden 1996 – 2000. Ved eigarskifte 1.1.2001 gjekk avtalen ut og vart ikkje fornya.

Geologien i området har vore kjent i lang tid og det har vore drive med skiferbrot fleire stader i området i tidlegare tider – t d hellebrotet attmed skianlegget.

Ny eigar tok ut noko stein til eige bruk i perioden 2004-2007 i samband med istandsetting av gardsbruk nede i bygda. Området vart lagt inn i heradsplanen som massetak, men det var først i 2008 at ny eigar saman med lokal entreprenør starta opp med prøvedrift av skiferstein for sal. Kommunen påla tiltakshavar å utarbeida reguleringsplan. Ulvik herad gav Ulvik Stein dispensasjon for drift medan planarbeidet pågår. Dispensasjonen gjeld for uttak av inntil 5000m³ stein.

Steinbrotet det her er tale om, er lite i omfang samanlikna med tilsvarande brot t d i Jondal og på Voss. Ulvik Stein ynskjer å utnytte ressursen som ligg i området, men ynskjer å gjera dette på ein trygg og mest mogleg skånsam måte. Steinbrotet vil sikra gardsbruket naudsynte ressursar og bruket kan få ein heilårsarbeidsplass i kombinasjon med fruktdyrking. Samstundes vil samarbeidande lokal entreprenør også sikrast jamnare inntekter. Ein ynskjer eit moderat årleg uttak slik at inntektene av steinbrotet vert fordelt over tid.

Siktemålet med reguleringsplanen som vert lagt fram er å leggja til rette for best mogleg bergverksdrift i Eikhovden.

Ulvik, 20.5.2011

Torbjörg Austrud
naturforvaltar/eigar

INNHALD

FØREORD	2
INNHALD	3
PROSESS OG SAKSHANDSAMING	4
Innspel.....	4
Organisering av planarbeidet.....	4
SAMANDRAG	5
1. FØREMÅL MED PLANEN	5
2. TILHØVE TIL ANDRE PLANAR	6
2.1. Heradsplanen for Ulvik.....	6
3. LOKALISERING	6
4. GENERELT OM OMRÅDET	6
5. AREALBRUK	7
6. TILKOMST	7
7. STEINBROTET	8
7.1. Geologi.....	8
7.2. Produksjon.....	9
7.3. Massetak og landskap.....	9
7.4. Natur.....	10
7.5. Vilt.....	11
7.6. Kulturminne.....	11
8. DRIFT	12
8.1. Utvinnbare mengder.....	12
9. TEKNISKE ANLEGG	13
10. AVSLUTNINGSPLAN	13
10.1. Arrondering.....	13
11. ROS	13
11.1. Risiko og sårbarhetsanalyse.....	13
12. PLANKART	15
13. REGULERINGSFØRESEGNER	16
14. KJELDER	20
<u>VEDLEGG</u>	

PROSESS OG SAKSHANDSAMING

- Det vart halde oppstartsmøte om planarbeidet med heradet 16.12.2009. Det ligg føre referat.
- Ulvik Stein søkte Ulvik herad om løyve til oppstart av arbeid med privat detaljreguleringsplan for Eikhovden steinbrot i samsvar med §12-3 i Plan og bygningslova. Søknaden er datert 5.1.2010.
- Formannskapet som planutval gav løyve til oppstart i møte 27.1.2010, sak 2/10.
- Arbeidet vart i samsvar med §12-8 i Plan og bygningslova lyst i "Hordaland". Det vart vidare sendt varslingsbrev til offentlege instansar, grunneigarar og naboar med brev datert 1.2.2010, jf adresseliste.

Innspeil

Det er kome inn 5 merknader til oppstartsmeldinga:

Datert	Frå
17.12.2010	Magnhild Hauge Kolås, 5730 Ulvik
25.01.2010	Direktoratet for mineralforvaltning
15.02.2010	Statens vegvesen Region vest
02.03.2010	Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga
17.03.2010	Fylkesmannen i Hordaland

Innkomne merknader er oppsummert i vedlagt notat med planleggjar sine merknader.

Utlegging til offentlig høyring

Planen vart lagt ut til offentlig ettersyn av Ulvik formannskap i møte 29.9.2010, sak 085/10 i perioden 1.10. – 12.11.2010. Fristen var seinare forlenga for einsskilde høyringspartar.

Det kom inn 5 merknader til planen:

Datert	Frå
06.11.2010	Magnhild Hauge Kolås, 5730 Ulvik
05.11.2010	Direktoratet for mineralforvaltning
19.10.2010	Statens vegvesen Region vest
09.11.2010	Liv Paula Halvorsen/Arne Eriksen, 5134 Flaktveit
26.11.2010	Fylkesmannen i Hordaland

Innkomne merknader er oppsummert i vedlagt notat med planleggjar sine merknader. Planen er endra på nokre punkt i høve innkomne merknader.

Organisering av planarbeidet

Tiltakshavar

Ulvik Stein v/Asbjørn Børshheim

Framlegg til detaljreguleringsplan

Naturforvaltar Torbjørg Austrud

Ulvik Stein
Framlegg til reguleringsplan for Eikhovden steinbrot

Driftsplan
Rådgivande ing Egil Ulvund

Geologirapport
Fylkesgeolog Jomar Ragnhildstveit, Hordaland fylkeskommune 2010.

SAMANDRAG

Ulvik Stein har gjennomført ein reguleringsprosess etter Plan og bygningsloven av 2009. I samråd med Ulvik herad er det utarbeidd ein detaljreguleringsplan. Det er ikkje sett fram krav om konsekvensanalyse. Føremålet er heimla i godkjent kommuneplan.

Det er utarbeidd ein geologisk rapport for området som viser at ein har ein framtidig ressurs av skiferstein i området, men at kvalitet og storleik er noko usikker. Det er utarbeidd ein driftsplan, godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning 6.10.2010 med atterhald om at endringar i reguleringsplanen ikkje endrar råmevilkår.

Planframlegget byggjer elles på rapportar og registreringar som viltkartlegging, kartlegging av biologisk mangfald i Ulvik, MVA-rapport 3/2010 fylkesmannen i Hordaland m fl.

Det er utført ROS-analyse for området.

Steinbrotet ligg i ein trong dal. Det er i dag lite synleg frå vassdraget og vegen som ligg i botnen av dalen, men straks ein flytter steinbrotet oppover i terrenget, vil steinbrotet verta meir synleg. Det finst nokre fritidshytter og tidlegare stølar i området – alle plassert nede ved vassdraget. Det er gjort tiltak for å skjerma uttaket både med omsyn til innsyn og støy.

Direktoratet for mineralforvaltning set klare krav til plan for avvøling av området etter endt drift. Dette er ein obligatorisk del av driftsplanen

1.0 FØREMÅL MED PLANEN

Føremålet med planen er å leggja til rette for bergverksdrift med uttak av murstein.



Fig 1. Murstein klar for utkøring.

2.0 TILHØVE TIL ANDRE PLANAR

Arealet er avsett til massetak i gjeldande heradsplan for Ulvik herad. (Heradsplan Ulvik 1999-2009. Vedteke i Ulvik heradstyre 2.9.1999, sak 52/99).

Ulvik Stein fekk dispensasjon for uttak av inntil 5000 m³ i påvente av reguleringsplan, jf vedtak i Ulvik formannskap 27.01.2010, sak 02/10.

Tidlegare godkjent avkøyrsløp vert endra i reguleringsplanen med detaljutforming for å nytta køyremønster C.

3.0 LOKALISERING

Reguleringsprosessen gjeld utarbeiding av detaljreguleringsplan for steinbrot, uttak av murstein, Eikhovden i Espelandsdalen vest i Ulvik herad på grensa mot Granvin herad.

Steinbrotet ligg nord for fv 572 mellom Stokkvatnet og Espelandsvatnet. Området er avgrensa av eigedomsgrenser for den del av eigedomen gnr 52 bnr 7, som ligg nord for rv 572 (sjå fig 2). I nord er reguleringsgrensa trekt opp til kote 450. Heile eigedomen er om lag 80 daa. Regulert areal til steinbrot utgjer om lag 50 daa.




Fig 2. Lokalisering av planområdet.

4.0 GENERELT OM OMRÅDET

Landskapet

Reguleringsplanen femner om ein eigedom og grensene for reguleringsplanen fyl eigedomsgrensene for denne delen av eigedomen gnr 52 bnr 7 opp til kote 450. Arealet over er regulert til LNF-område. Området ligg i ei skogkledd lisode og strekkjer seg frå fv 572 opp i retning Nordbotnuten. Lia veksler mellom brattare skrentar og ur innimellom mindre bratte parti med lausmassar og vegetasjon. Høgdeskilnaden innan reguleringsføremålet steinbrot er ca 110 m frå ca kote 340 til 450 m o h.




Fig. 3: Oversikt over Eikhovden steinbrot sett frå sør. Biletet er teke frå motsett side av Stokkvatnet.

5 AREALBRUK

Planområdet er inndelt i følgjande føremål etter Plan og bygningslova:

Bebyggelse og anlegg –
(jf Plan og bygningslova §12-5,1)
område for steinbrot og massetak

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
(jf Plan og bygningslova §12-5,2)
Privat veg

Landbruks-, natur- og friluftsområde
(jf Plan og bygningslova §12-5,5)
Vern av vegetasjonsbelte mot rv 572.

Omsynssone
(jf Plan og bygningslova § 12-6).
Frisiktsone

6 TILKOMST

Tilkomst til steinbrotet er frå fv 572.

7 STEINBROTET

7.1 Geologi .

Rapport av Jomar Ragnhildstveit, Hordaland fylkeskommune. Vedlegg 1
Utgangspunktet for steinbrotet i Eikhovden er ein førekomst av kvartsskifer av mursteinskvalitet. Det er ikkje gjort inngåande undersøkingar av storleiken på førekomsten, men anslag tyder på at det kan vera fleire lag. Prøvedrift i nedre del av brotet har vist murstein av høg kvalitet.

Førekomsten er også beskriven av Arthur Fonneland (?).



Fig 4. Eikhovden steinbrot. Dagens brot sett frå søraust mot nordvest. Vegetasjonsskjermen i venstre biletkant



Fig 5. Mosegrodde steinar i overgangen til steinbenkar og fast fjell.

Dagens steinbrot ligg inn frå fv 572. Her har ein teke ut stein frå vegen og innover. I nedre delen av steinbrotet ligg det fast stein i dagen. Over denne i lia kjem eit område med gammal, mosegrodd steinur med større og mindre skiferstein i eit belte grovt sett mellom kote 355 og 375.

Lia ender i ein bratt bergvegg med nytt lag av skiferstein. Bilete (fig 5) er teke i øvre del av ura mot fjellveggen som me skimtar toppen av i overkant av biletet.

Over denne bergveggen flater terrenget ut att og skrånar opp mot neste brattheng. Over lina i fig 3 (ca kote 425) vil det truleg ikkje vera skiferstein som er mogleg å ta ut. (Sjå fig 3).

7.2 Produksjon

Området inneheld sjølve steinbrotet, tipp for avdekkingsmassar og mellomlager for skifer av ulik form og storleik.

Transport av ferdige produkt skjer med lastebil.

Det kan koma på tale å setje opp enkle bygg for lager, sortering eller anna bygg naudsynt for drifta.

Det er teke ut noko stein tidlegare. Ulvik herad leigde arealet og opna steinbrotet i 1996. F o m 2001 har steinbrotet vore tilbakeført til grunneigar som tok ut noko stein til eige bruk i perioden 2004-2007. I perioden 2008 til medio 2010 er det teke ut om lag 1600 tonn stein i tillegg til noko fyllmasse. (2008: 270 tonn, 2009: 900 tonn, pr 31. august 2010: 430 tonn).

Drift i steinbrotet er tenkt som attåttnæring for entreprenør og tiltakshavar. Det er planlagt eit langsiktig uttak. Driftsplanen legg opp til eit årleg uttak på om lag 3000 tonn.

Med ein årsproduksjon på 3000 tonn vil det utgjera kring 1 årsverk.

7.3 Steinbrot og landskap

Området er lokalisert til ein relativt trong dal. Steinbrotet vil verta synleg frå vegen over Espeland, men ved å sette att ein skjerm av vegetasjon mot vegen, vil ein dempe innsyn frå vegen, vatnet og dei lågare liggjande områda langsmed vassdraget. Vidare vil steinbrotet etter kvart som ein flytter seg oppover i terrenget, verta godt synleg frå andre sida av dalføret og lia opp mot Kjerringafjell.

Det ligg i dag nokre fritidshus/tidlegare stølshus langsmed vegen og vassdraget som vil kunna sjå steinbrotet.

Det er i samband med driftsplanen utarbeidd plan for istandsetting og revegetering av brotet.



Fig 6. Steinbrotet sett frå aust - Drevtjørn ski og tursenter.



Fig 7 Steinbrotet sett frå vest – vestenden av Stokkvatnet

7.4 Natur

Området består av bar- blandingsskog. Nærast riksvegen var det planta gran, men grana vart hogd ut i 2010 på deler av området. Over plantefeltet går skogen over i lauvskog med nokre innslag av gamle enkelttre av furu. Området utgjer vestenden av eit område registrert som rik edellauvskog jf naturbasen for dokumentasjon av biologisk mangfold, Direktoratet for naturforvaltning; MVA-rapport 3/2010, fylkesmannen i Hordaland. (Vedlegg 2) Synfaringar viser at dei dominerande treslaga i dette området er bjørk, rogn, selje, osp og or. Botnskiktet viser fleire arter som indikerer rikare lauvskog. Nedre deler av området har framleis innslag av planta gran. Området har preg av urskog, særleg i austre del. Det er lite menneskeleg aktivitet i dette området.



Fig 8. Utsnitt av lauvskogen i ura over dagens steinbrot.

7.5 Vilt

Det er tydelege spor i lia etter hjort, m a ein markert sti gjennom området frå aust og skrått over dagens brot oppover lia. Også badegrop er funne i tillegg til rikeleg med ekskrement. Det er ikkje registrert særlege viltområde i samband med viltregistreringa i Ulvik i planområdet.

7.6 Kulturminne

Det er gjennom oppstartsmeldinga kome fram at det i tidlegare tider er hausta gras oppover i lia og at graset vart henta ned med taubane. Midt i framtidig uttaksområde, i det området som er hogd ut 2010, ligg det att rester av eit fundament eller ein mur, truleg eit fundament til løypestreng (fig 9). Vidare er det registrert restar etter ein grunnmur, truleg til ei høyløe aust i området (sjå biletet fig 10). Desse vil verta fjerna i og med uttak av stein. Det er ikkje registrert andre kulturminne i området.



Fig 9. Rester av fundament for løypestreng i venstre biletkant. Området ligg nordvest i dagens steinbrot.

7.7 Støy

Ureining i samband med drifta, vil i hovudsak vera støy. Arbeid i steinbrotet vil føregå med store maskinar og opplesing av stein og utkøyring vil medføre støy. Sjølv om ein prøver å behalde skog rundt, vil truleg støy vera ei utfordring. Særleg i høve bruk av området til friluftaktivitetar som turgåing, jakt og fiske. Det kan derfor oppstå konflikt mellom hytteeigarar og drift av steinbrotet. For å bøte på dette kan det vera trong for regulering av drifta i tidsrom på døgeret og gjennom veka. Det er likevel klart at det ikkje vert dagleg drift i brotet gjennom året, men drifta kan i periodar vera meir intensiv. Vinteren kan by på store utfordringar med store snømengder, mange vintrar vil det vera vanskeleg å oppretthalda drift. Som eit avbøtande tiltak har ein lagt inn avgrensingar i arbeidstidene gjennom å regulera tidene for arbeid i steinbrotet gjennom døgeret og veka.

Arbeidstider i steinbrotet;

Måndag til fredag 0700 – 2200

Laurdag 0800 – 1900

Sun- og helgedagar skal anlegget normalt vera stengt.



Fig 10. Rester av grunnmur truleg ei høyløe, aust i området på grensa mot gnr 52 bnr 4, ca kote 355.

8 DRIFT

Det er utarbeidd driftsplan for steinbrotet, godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning

Ein ser for seg at drifta vil føregå trinnvis. Første trinn vert uttak av stein i nedre del av området, (område som er rydda for skog på bileta). Deretter vert ura over tømt for lausmateriale. Avhengig av om ein finn brukbar murstein under ura, vil ein halde fram og ta ut denne før ein flytter seg opp og arbeider seg nedover avhengig av storleik og førekomst. Driftsplan kan verta revidert og utarbeidd i fleire trinn etter som ein får meir kjennskap til ressursen. Kjent steinressurs strekkjer seg opp til ca kote 420 i følgje geologisk rapport. Drifta i området skal skje i samsvar med godkjent driftsplan, godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning. Driftsplanen viser korleis uttaket skal skje, eventuelle avbøtande tiltak og korleis området skal tilbakeførast etter endt drift.

Direktoratet for mineralforvaltning vil også føra tilsyn med verksemda. Driftsplanen kan endrast dersom drift i området tilseier det. Alle vesentlege endringar av driftsplanen skal godkjennast av Direktoratet for mineral forvaltning. Ny driftsplan må utarbeidast før ein kan gå vidare med fase to (over kote 375)

Det er kome ny lov av 19.juni 2009 nr 101 om erverv og utvinning av mineralførekomster (minerallova). Dette inneber at natursteinuttak i Eikhovden steinbrot kjem inn under konsesjonspliktig uttak. Minerallova §43, jf overgangsreglane i §69, pkt 6, gjev utsett frist for godkjent driftskonsesjon til 1.1.2015.

Direktoratet for mineralforvaltning gjev driftskonsesjon etter søknad frå tiltakshavar.

8.1 Utvinnbare mengder

Murstein
Fyllmasse
Anna

Avdekkingsmassar er i dag deponert mot austgrensa av området. Desse massane kan leggjast tilbake etter endt uttak.

Det er tilrettelagt for eit lagerområde for ferdig stein i søraustre del av planområdet.

Årsproduksjonen i steinbrotet er sett til inntil 3000 tonn murstein.

9 TEKNISKE ANLEGG

Området er ikkje tenkt tilknytta vatn eller avløp.
Det vil vera sporadisk uttak av stein gjennom året.

10 AVSLUTNINGSPLAN

10.1 Arrondering

Det er eit klart krav i driftsplanen at området skal istandsetjast etter endt uttak. Korleis brotet vert tilbakeført vil vera avhengig av korleis skiferførekomsten utviklar seg i berget og den driftsforma ein vel. Godkjent driftsplan viser avslutning av 1. fase. Dersom ein vel å halda fram med drift i steinbrotet utover godkjent driftsplan, må det utarbeidast ny. Kva prinsipp ein vel som avslutning på neste fase, er avhengig av kor mykje skiferstein som er drivbar i steinbrotet og vert avklara etter som ein arbeider seg oppover og innover i steinbrotet.

Arealet vert tilbakeført til LNF-område etter endt uttak.

Etter endt anleggstid skal brotet ryddast og evt avfall leverast godkjent avfallsdeponi. Dersom behov, skal området sikrast med gjerde.

11 ROS

11.1 Risiko og sårbarheitsanalyse

Det er gjennomført risiko og sårbarheitsanalyse for detaljreguleringsplanen. Vedlegg 3 Konklusjonane her viser at det ikkje på noko punkt er risiko tilsvarande uakseptabel risiko. Konklusjonane frå ROS - analysen er teke inn her.

Gule felt – avbøtande tiltak skal vurderast:

Tre punkt ligg i gul sone som betyr at avbøtande tiltak skal vurderast. Det er føreslått tiltak i merknadsfeltet over.

Sannsyn for snøskred er i følge Statens vegvesen sin rasrapport frå 2003, sett til ein gong kvart kvart 15. år på denne strekkja. Det er ikkje nemnt risiko for stein- eller jordskred. Det er registrert ras i mars 2000 i overnemnde rapport (*Ole Chr Torpp, regionveisjef, 2003; Rassikring av Riks- og Fylkesvegane i Hordaland*).

Ved arbeid i den bratte lia, må ein heile tida vurdere sikkerheit. Driftsplanen viser at ein arbeider seg frå toppen av kvart nytt lag og nedover i fyllinga. Sikker jobbanalyse skal vurdere risiko og forsikre om at situasjonen er trygg for arbeidsfolk i steinbrotet til ei kvar tid.

Sannsyn for steinsprang eller ras er ikkje rekna med i rasrapporten til SSV, men dersom steinar skulle losne, er sjansen minimal for å treffe personar som sporadisk oppheld seg i steinbrotet. Konsekvensen kan like fullt vera stor.

Skogbrann med risiko for økonomisk tap som følge av at maskiner og utstyr kan brenne opp, men berre i det tilfelle at brannen ikkje vert oppdaga tidnok til at maskinane kan flyttast ut av området. Ingen risiko for menneske.

Trafikkulukker kan oppstå. Det er svært liten trafikk på rv 572 . ÅDT (gjennomsnittleg årsdøgntrafikk) er registrert til 150 i 2009. Historisk sett er det ikkje registrert dødsulukker på denne strekkja i den tida det har vore registrert ulukker i vegdatabasen (sjå vedlagt utskrift av NVDB pr 6.9.2010). Vegen vart utbetra i 2008/2009 og har i dag betre tilhøve for større lastebilar.

Siktlinene i avkøyinga må haldast fri til ei kvar tid.

13 REGULERINGSFØRESEGNER

Framlegg til reguleringsføresegner for EIKHOVDEN STEINBROT, gnr 52, bnr 7, Espelandsdalen

1. GENERELT

1.1 Bakgrunn og mål for planen

Planlagt arealbruk er i tråd med overordna plan.

Ulvik herad har stilt krav om at det vert utarbeidd ein detaljreguleringsplan.

Føremålet med planen er å leggja til rette for bergverksdrift med uttak av murstein.

1.2 Plankart og føresegner

Føresegnene gjeld for steinbrot med tilhøyrande anlegg innanfor reguleringsgrensene som vist på plankart datert 07.09.10. Området ligg i Espelandsdalen, nord for fv 572 ca 10 km frå Ulvik sentrum. Planområdet er avgrensa til den del av gnr 52 bnr 7 som ligg nord for fv 572 opp til kote 450 moh.

Plankart og føresegner utgjer til saman reguleringsplanen. Illustrasjonsplan/driftsplan er ikkje bindande.

1.3 Planinnhald

Det regulerte området er i medhald av Plan og bygningslova §12-5, avsett til fylgjande føremål:

1. **Bebyggelse og anlegg – område**
Steinbrot og massetak
2. **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**
Privat veg
5. **Landbruks-, natur og friluftsområder**
Skogbruk

Plan- og bygningslova § 12-6 Omsynssoner

Omsynssone (jf Plan og bygningslova § 12-6).
Frisikt

2. BEBYGGELSESOMRÅDE (Pbl § 12-5,1)

2.1 **Område for steinbrot og massetak**

Område for steinbrot femner om heile eigedomen nord for riksvegen opp til kote 450, eit totalareal på ca 50 daa. Det skal takast ut stein etappevis oppover som vist i driftsplanen.

Området vil nyttast til sprenging og uttak av stein, lager, deponiområde for ferdigvare, lausmassar, skrotstein med meir. På området kan det vidare setjast opp enkle bygg naudsynte for drifta av steinbrotet.

Innanfor føremålet steinbrot kan det også opparbeidast anleggsvegar for intern transport i planområdet og for transport vidare ut mot fv 572.

Avslutning av drifta vert gjennomført i samsvar med godkjent driftsplan.

Når drifta vert lagt ned, skal området setjast i stand i samsvar med driftsplan godkjent av Direktoratet for Mineralforvaltning. Lausmassar vert tilbakeført og eventuelt gjerde sett opp dersom det er trong for det.

2.2 **Driftsplan**

Drifta i området skal skje i samsvar med godkjent driftsplan, godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning. Driftsplanen viser korleis uttaket skal skje, avbøtande tiltak og korleis området skal tilbakeførast etter endt drift. Same instans vil også føra tilsyn med verksemda. Driftsplanen kan endrast dersom drift i området tilseier det. Alle vesentlege endringar av driftsplanen skal godkjennast av Direktoratet for mineral forvaltning.

3. **SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

3.2 **Område for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

Avkøyrsløse til steinbrotet skal opparbeidast slik at det kan nyttast køyremåte C med lastebil, hjørneavrunding $R=6m$, enkeltkurve og køyrebanebreidde på sekundærveg = 5,5m.

Siktlinjer er sett av mot fv572 som omsynssoner

4. **LANDBRUK- NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE**

4.1 **Område for skogbruk**

I eit område med breidde på ca 20 m mellom riksvegen og steinbrotet skal større tre og vegetasjon i størst mogleg grad takast vare på. Gjeld ikkje siktlinjer og naudsynt rydding i samsvar med avkøyring, som er avsett til omsynssone. Arealet frå kote 450 til eigedomsgrensa, er regulert til landbruksområde – natur.

14 KJELDER

1. Ulvik herad og Fylkesmannen i Hordaland 2005. Kartlegging og verdsetting av Naturtypar i Ulvik. MVA-rapport 5/2005.
2. Jomar Ragnhildstveit, 2010 Mursteinsførekomsten ves Stokkavatnet, Ulvikahøgda – Vurdering av storleik og kvalitet..
3. Holtan, D. 2010. Fylkesmannen i Hordaland, MVA rapport 3/2010
4. Direktoratet for naturforvaltning. Naturbasen for dokumentasjon av biologisk mangfold.
5. Fylkesmannen i Hordaland, Samfunnstryggleik og beredskap. ROS analyser
6. Akseptkriterier for Ulvik herad, vedteke Ulvik heradstyre 16.6.2010.
7. Ole Chr Torpp, regionveisjef, 2003; Rassikring av Riks- og Fylkesvegane i Hordaland).
8. Statens vegvesen, Region vest: Utskrift av NVDB pr 6.9.2010,
9. Skogbrukssjefen i Ulvik, opplysningar om reg i Viltkartet/viltkartlegging i Ulvik herad, (pers. med. 6.9.2010)
10. Direktoratet for mineralforvaltning 2010: Veileder for og krav til driftsplaner ved uttak av mineralske råstoffer fra fast fjell og løsmasser i dagen.

Vedlegg

1. Rapport av Jomar Ragnhildstveit, Hordaland fylkeskommune. Vedlegg 1
2. MVA-rapport 3/2010, fylkesmannen i Hordaland.
3. ROS analyse for Eikhovden steinbrot, Ulvik, 6.9.2010
4. Driftsplan for Eikhovden steinbrot. Rådgjevande ing Egil Ulvund. 2010. (Vert ettersendt).
5. Oppstartsvedtak 27.01.2010
6. Referat frå oppstartsmøte 16.12.2009
7. Varslingsbrev og annonse om oppstart
8. Innkomne merknader til oppstartsmeldinga med oppsummering
9. Utskrift møtebok Ulvik formannskap sak 85/10 i møte 29.09.2010.
10. Innkomne merknader i høyringsperioden med oppsummering og kommentarar